



Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Teams

Dato: 30.10.2024

Tidspunkt: 13:00 - 14:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Inger Line Flydal	Medlem	VU-REIN-BRE
Morten Kielland	Medlem	SKJÅK
Åsta Røhr Kleiven	Medlem	VÅGÅ
Terese Jemtegård Moen	Leder	FJORD
Dordi Boksasp Lerum	Medlem	MRFK

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Mariann Skotte	Nestleder	LESJA
Hans Kristian Enge	Medlem	IFK
Jan Peter Valde	Medlem	RAUMA

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
Audun Holsbrekken	Mariann Skotte	LESJA

Følgjande medlem møtte ikkje:

Kristian Frisvold representant for Lom kommune

Øvrige frammøtte:

Navn	
Mari Melbø Rødstøl	<u>Nasjonalparkforvaltar</u>
Kristine Sørлие	<u>Nasjonalparkforvaltar</u>

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Terese Jemtegård Moen

Inger Line Flydal

Sign.

Sign.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 47/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 48/2024	Orienteringar		
ST 50/2024	Delegerte saker		
DS 56/2024	Delegert vedtak - Finndalen LVO - endring av vilkår - dispensasjon - 2024 - uttak av lausmassar i Lauva sitt utløp - Finndalsvegen SA		2024/8462
ST 51/2024	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - tak over veranda - Vermedalen - 72/13 - Bjørnar Skalstad Pedersen		2024/9060
ST 52/2024	Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - utviding seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Fallingen		2022/7731

ST 47/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.10.2024

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste. Inger Line Flydal vart vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 48/2024 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.10.2024

Forvaltarar og styreleiar orienterte om følgjande:

- Tafjord Kraft sonderer moglegheiter for å eksportere drikkevatn. Prosjektet kan være svært uheldig bl.a. for flaggermusførekomstane i Muldalslia naturreservat, då kai for store skip er tenkt i Muldalsvika. Forvaltar vil informere Tafjord Kraft om dette.
- Uenighet mellom Øvstestølen Seterlag (ØS) og Møre og Romsdal Fylkeskommune ang garasje på Slettvikane. Forvalter har sendt eit skriv til styret som forklarar forholdet.
- Status stiprosjekt Eiafossen/Trollveggen. Arbeidet er godt i gang.
- Status Finndalen/erosjonssikring. Gravearbeidet er ferdig og forvalter har synført arbeidet og er fornøgd.
- Tafjord Kraft har ikkje foretatt biologiske undersøkingar ved Tordsvatnet, og har bestemt seg for istaden å gjennomføre ein litteraturstudie.

ST 50/2024 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.10.2024

Vedtak:

Tatt til orientering

ST 51/2024 Romsdalen LVO - dispensasjon - 2024 - tak over veranda - Vermedalen - 72/13 - Bjørnar Skalstad Pedersen
Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.10.2024

Behandling

Styret voterte om forvaltar/saksbehandlar var inhabil i saka då medeigar av hytta er i forhold til forvaltars svigerinne. Folvaltar vart samrøystes kjent habil.

Saka vart votert samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. bokstav c, får Bjørnar Skalstad Pedersen dispensasjon til å forlenge takutspringet sitt på hytte i Vermedalen.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Takutspringet kan utvidast med 60 cm ut frå eksisterande tak i sørvest, i same breidde, takvinkel og mønehøgde som eksisterande tak.
- Det påbygde taket skal gå over eksisterande terrasse utanfor inngangsdøra på hytta.
- Takutspringet skal ha same materiale og farge som eksisterande tak.
- Frist for tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.12.2025.

Dispensasjonen gjeld i høve verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

ST 52/2024 Finndalen LVO - dispensasjon - 2024 - utviding seterfjøs - Sterringen - Arild og Mona Falling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 30.10.2024

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Med heimel i Finndalen landskapsvernområde §3, pkt. 1.3, c) får Arild og Mona Falling dispensasjon til å utvide tilbygget på seterfjøset med ytterlegare 6 meter på Sterringen seter, gnr. 159/1, f.nr.84.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Tilbygget på seterfjøset kan utvidast med 6 meter mot aust, i same breidde, og med lik mønehøgde og takvinkel som på eksisterande seterfjøs. Målt utvendig blir det eit areal på 18 m x 6 m.
 - Seterfjøset med nytt tilbygg vil kunne ha eit totalareal på inntil 180 m², målt utvendig.
 - Tilbygget kan fundamenterast med støypt ringmur / bunnplate.
 - Tilbygget skal ha same fasade som eksisterande fjøs med ståande utvendig bordkledning, som påførast mørk brunfarge som på eksisterande seterfjøs.
 - Det kan settast inn totalt 11 nye vindauge og 2 nye dører på tilbygget, som på vedlagde skisse.
 - På sørsida av taket på tilbygget kan det leggest 20 nye solcellepanel, slik at det totalt blir inntil 32 solcellepanel på sørsida av taket.
 - Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til 01.10.2026.
- Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.
Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.